



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks  
5020 BERGEN

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:  
2014/025685-010

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.06.2015

### **Uttale til offentleg ettersyn - Plansak 12602014000700 - detaljregulering - Rossneset - Svena fritidsbustader – gnr. 17 bnr. 3 mfl. - Radøy**

Statens vegvesen viser til reguleringsplan for Svena fritidsbustader som er ute til offentleg ettersyn.

Statens vegvesen har motsegn knytt til planen si løysing for avkøyrsla som ikkje føl vognormalane og derfor ikkje tar nok omsyn til trafikktryggleiken på staden.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for seks fritidsbustadar, tre nye naust og småbåtanlegg. I kommuneplanen er dette området avsett til fritidsbusetnad. Reguleringsplanen er delvis i tråd med overordna plan. Planprosessen vart først starta opp i november 2007.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Merknader til planforslaget

Vi viser til vår uttale til oppstart datert 18.12.2014. Berre nokre av våre innspel er tatt med i planen. Vi viser mellom anna til at vi ba om tekniske teikningar som viser at det er muleg å bygge avkøyring/kryss i samsvar med vognormalane. Utan desse er det vanskeleg for oss å gje gode nok innspel på dette. Vi rådde elles til ei samordning av dei to avkøyrslene på staden. Det er ikkje gjort. Det er no ei avkørysle i det arealet som er under regulering og ei avkørysle like utanfor.

Det er liten trafikk på staden. ÅDT er på 400. Fartsgrensa er 80 km/t. Reell fart på staden er lågare enn 80 km/t pga. smal veg. Vi vurderer det slik at reel fart er nærmere 60 km/t. Med 6

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
  
9815 Vadsø<sup>1</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

fritidsbustader, naust og småbåthamn har vi vurdert om vi må sette krav til at avkøyrsla må utformast som kryss. Vi har kome til at trafikken i avkøyrsla sannsynlegvis blir lågare enn ÅDT 50 slik at det er tilstrekkeleg med dei krava som vert sett til avkørysle jf. handbok N100 *Veg og gateutforming* og handbok V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss*.

I planforslaget er det regulert ei siktsone på  $6 \times 50$ , som betyr 50 meter sikt til høgre og venstre frå 6 meter inn i avkøyrsla. I følgje vegnormalane skal det vere  $6 \times 100$  når det er 80 km/t. Dersom vi legg til grunn at reell fart på staden er nærmere 60 km/t er siktkravet  $4 \times 60$ , jf. handbok V121 tabell 3.7 og tabell 3.8. Plankartet må reviderast i samsvar med dette.

Vi kan ikkje sjå at det er ført på radius i avkøyrsla på plankartet. Vegnormalane legg til grunn 4 meter radius i ei slik avkørsle, jf. handbok N100 kapittel E.1.4.1. Dette må visast i plankartet.

Vi var på synfaring på staden 11.06.2015. Planlagt tilkomstveg er, etter det vi kan sjå i plankartet, lagt i eksisterande tilkomstveg til bustadhuset på eigedomen. Tilkomstvegen er bratt og det er dårleg sikt i avkøyrsla. For å få ei tilfredsstillande løysing på krysset må tilkomstvegen flyttast eller det må gjerast tiltak som sikrar god nok sikt og linjeføring i avkøyrsla. Det er særleg sikt mot venstre ut av avkøyrsla som må opparbeidast, sjå figur 1.



Figur 1: Sikt mot venstre

Krav til linjeføring i avkøyrsla følger av handbok N100, prinsippskissa i figur E.25 med forklaring:

*På de første 2 m fra veggkanten, bør avkjørselen ha et jevnt fall fra veggkant på totalt 5 cm. På de neste 3 m bør avkjørselen ha en naturlig overgangskurve til avkjøselens videre forløp. På de neste 30 m bør avkjørselen ha fall eller stigning på maksimalt 1: 8 (12,5 %), se figur E.25.*




Fig. E.25: Krav til vertikal linjeføring i avkjørsler (mål i m)

Konklusjon:

Ettersom reguleringsplanen ikkje er i samsvar med Statens vegvesen sine vegenormalar har vi motsegn til planen. **Vi har motsegn til avkøyrsla som er vist i reguleringsplanen.**

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Kari Elster Moen*

Kari Elster Moen  
overingeniør

Kopi: Radøy kommune  
Hordaland fylkeskommune

